


Megardslykkja

Namn på plassen	Megardslykkja, Megardsløkken
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7013123N 541053Ø
Høgde moh	142
Tilstand	Nybygg mellom 1973 og 2002
Plass under	Megarden
Gnr. Bnr.	19/7, utskilt 1930
Tidsperiode	Ca. 1750 - 1930
Ca. 1750	Ole
Ca. 1753 – ca. 1768	Nils Olsen
Ca. 1768 – ca. 1800	Iver Erichsen Gjerde
Ca. 1800 – 1813	Ole Andersen
1813 – 1832	Peder Iversen
1832 – ca. 1859	Arnt Olsen Svorkdal
Ca. 1859 -1864	Ole Olsen
1864 - 1889	John Olsen Løvåsdal
1889 - 1910	August Andersen
1910 - 1939	Bent Ingebrigtsen Ekli Togstad
1939 - 1941	Ole Rikard Sveeggen
1941 - 1943	Albert Aae
1943 – 1956	John P. Eggen
Fra 1956	Magne A. Gaustad
Omtale:	Gardtales i Orkdal side 303





Flyfoto 1958. Gammelbygget står. Revet og bygd nytt mellom 1973 og 2002.

Rundt 1750 må det ha vært ein husmann på Megardslykkja som heitte Ole. Han var i så fall far til Nils Olsen som var husmann her ved skattematrikkelen i 1762, og kanskje til Ingeborg Olsdtr som døyde i 1759. Andre som ein finn i kirkebøkene frå denne tida var Ingeborg død i 1751 og Lars død i 1763.

Ved skattematrikkelen i 1762 var Nils Olsen husmann her. Han vart i 1753 gift med Jertreud Ingebrigtsdtr.

Den neste husmannen er Iver Erichsen Gjerde født 1743. Han vart gift med Gunel Toresdtr i 1768 og med Guru Pedersdtr Solem i 1789.

Ved folketellinga i 1801 var Ole Andersen husmann, født 1736. Han var gift med Marit Eriksdtr født 1738. Dei hadde dattera Eli født 1766. Eli vart gift med enkemann Fredrich Arntsen Reiten i 1803. Ole Andersen døyde i 1813.

I 1816 var Peder Iversen husmann her. Han vart samme år gift med Susanna Jørgensdtr Ecklie. Dei fekk fem barn, Susanna født 1816, Guru 1819, Johanna 1822, Jon 1827 og Jørgen 1828. I 1832 reiste familien til Stadsbygda.

I 1833 er Arnt Olsen Svorkdal husmann, født 1803. Han vart gift med Kari Arntsdtr Kleven i 1827, ho var født i 1792. Dei fekk tre barn: Arnt født 1826, Ingebor født 1834 og Ole født 1838.

I 1859 var Ole Olsen husmann, født 1834. Foreldre var Ole Gjertsen og Ane Albrigtsdtr. Han vart i 1859 gift med Gunhild Andersdtr Valstad, også født i 1834. Dei fekk tre barn: Gunhild født 1859, Anders født 1861 og Ane født 1864. Ved folketellinga i 1865 var dei gardbrukere på garden Sør-Eggan i Svorkbygda.

I 1864-1865 overtok John Olsen Løvåsdal født 1830 og Kersti Olsdtr Sundli født 1830 på Eidsmo i Skaun som husmannsfolk. Dei fekk borna Gjertru født 1865 og Ulrikka født 1868 (døyde samme år).

I 1865 bodde også far til forrige husmann her, Ole Gjertsen, tømmermann på 62 år, og spinderske Ane Johannesdtr på 19 år.

Ved folketellinga i 1875 bodde samme familie her, John Olsen er titulert som husmann med jord og snekker. Dei hadde tre andre boende hos seg. John døydde i 1889 og Kirsti i 1886.

John og Kirsti hadde ingen son, så det vart søstersonen til Kirsti som tok over rommet, August Anderssson født 1874. Han vart gift med Anne Olsdtr. Sveeggen født 1865. Dei fekk borna Ole Rikard født 1890, Anders født 1896 og Olav født 1897. August eigde også ein av gardpartane på Geitbuan.

I 1910 solgte August Megardslykkja til Bent Ingebrigtsen Togstad Ekli født 1865. Han var gift med Johanna Andersdtr født 1872. Ved folketellinga i 1900 bodde dei på Ekli der han er registrert som dagarbeider og tømmerhugger. Dei hadde tre barn: Anders født 1895, Gurine født 1899 og Berit født 1906. Bent Ekli kjøpte eiendommen i 1930 for 2 200 kr.

Johanna og Bent solgte i 1939 til Ole Rikard Sveeggen, sonen av forrige eigar. Han bygde på stuggu slaik at foreldra kunne bu der så lenge dei levde. August døydde i 1944,

Rommet gjekk så i handel fleire ganger. Albert Aae var eigar 1941-43 og John P. Eggen 1943-1956. I 1956 solgte Eggen til Magne E. Gaustad født 1932, gift med Borghild Solberg født 1932 i Frosta.

Skattemanntall 1762

	Gard	Type	FamStatus	Førenavn	Farsnavn	Gardsnavn	Kjønn
1762	Meegaard	Husmann og inderster	Mann	Niels	Olsen	Løken	M
1762	Meegaard	Husmann og inderster	Kone	Jertrud	Ingbrigtsdtr	Løken*	K

Folketelling 1801

Gard	Fornamn	Farsnavn	Fam.st.	Alder	Siv.status	Yrke	Kjønn
Megarden	Ole	Andersen	Husfader	65	Begge 1 gang	Husmand	M
Megarden	Marit	Ericsdtr	Hans kone	67	Begge 1 gang		K
Megarden	Eli	Olsdtr	Deres dr	35			K

Folketelling 1865

Gard	Fornavn	Etternavn	Famstatus	Yrke	Sivstand	Alder	Kjønn
Megaardsløkken	John	Ols.		Husmd med Jord	g	45	m
Megaardsløkken	Kersti	Olsd.	hans Kone		g	42	k
Megaardsløkken	Gjertru	Johnsd.	deres Datter		ug	1	k
Megaardsløkken	Ole	Gjerts.	Logerende	Tømmermand	e	62	m
Megaardsløkken	Ane	Johannesd.	Logerende	Spinderske	ug	19	k

Folketelling 1875

Fornavn	Etternavn	Familiestilling	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødselsår	Født
---------	-----------	-----------------	-------	---------	------	-------	-----------	------

John	Ols.	hf	45	g	Husmd. med Jord. Snedker	M	Ørkedal	1830
Kirsti	Olsd.	Hans Kone	43	g		K	Børseskogn	1832
Gjertru	Johnsd.	d	10	ug		K	Ørkedal	1865
Ingebrigt	Johanness.	Tilreisende		g	Husmd. Tøndemager	M	Børseskogn	
Jørgen	Ols.	Tilreisende	26	g	Inderst Tøndemager	M	Børseskogn	1849
Elen	Ingebrigtsd.	Hans Kone	25	g	Skrædder	K	Børseskogn	1850

Folketelling 1900

Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.stand	Yrke	Kjønn	Født
August	Andersen	Hf	26	g	Bygselmand og dagarbeider væsentl ved jordbrug	M	1874
Anne	Olsd	Hm	35	g	Bygselmandshustru sys. husgjerning	K	1865
Anders	Augustsen	S	4	ug	Søn	M	1896
Olav	Augustsen	S	3	ug	Søn	M	1897